



VURDERINGSRAPPORT

TØRVIKBYGD SKULE



Tema: "Me vil at elevane våre skal verta gode, glade og aktive lesarar."

Tørvikbygd skule 5620 Tørvikbygd
rektor: Per Røberg
e-post: perro@kvam.kommune.no



Innholdsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!	s. 3
2. Fakta om skulen/vurderingstema	s. 5
3. Vurdering	s. 6
4. Glansbilde	s. 7
5. Sterke sider	s. 8
6. Utviklingsområde	s. 9
7. Vidare arbeid	s. 12

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga	s. 13
2. Tidsplan	s. 13
3. Metodar	s. 16
4. Samtaleguidar	s. 17



1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurderte etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

10/12 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Tørvikbygd skule er ein 4-delt barneskule i Kvam kommune i Hordaland fylke. Skulen ligg i Tørvikbygd, like ved rv.49, ca 100 m sør for nedkøyringa til ferjekaien til Jondal.

Skuleåret 2011-2012 har skulen 54/55 elevar.

Årstrinn	Tal på elevar	Kontaktlærer
1.klasse	9	Helene Njaa
2.klasse	7	-----//-----
3.klasse	6	Jorunn Brekke
4.klasse	10	-----//-----
5.klasse	7/8	Tonje Gauden
6.klasse	6	-----//-----
7.klasse	9	Annbjørg Husevåg Kløve

Rektor er Per Røberg.

Tilsette: 9 pedagogar og 3 assistentar

Opningstider ved Skare barneskule

Skuletimane for elevane ligg mellom kl. 0835 og kl. 1335 for dei fire yngste klassane, medan 5. -7. klasse i tillegg går til 1430 tysdagar og onsdagar.

SFO: kl. 1335 – 1600


Visjon:

**Vi vil gje den enkelte eleven
ei tilpassa opplæring både fagleg og sosialt i samsvar med måla i
Kunnskapsløftet,
i eit miljø fritt for erting og mobbing.**

Skulen har sett fokus på leseopplæringa, og har starta på å utvikla seg på dette området, difor var det naturleg å velje dette som tema for ekstern vurdering no.



3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.





"Me vil at elevane våre skal verta gode, glade og aktive lesarar."

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD KVALITET
Elevane får god leseopplæring	<ul style="list-style-type: none">- Eleven får trening i ulike lesestrategiar- Eleven får trening i å lese mange ulike sjangrar- Eleven får møta litteratur gjennom ulike media- Eleven har tydelege mål- Eleven har jamleg samtale med lærar om leseutviklinga
Læraren legg opp til ei variert leseopplæring	<ul style="list-style-type: none">- Alle lærarane er leselærarar- Lærarane er gode rollemodellar på lesing og skriving- Læraren vurderer jamleg eleven si leseutvikling- Læraren gjev konkret rettleiing for korleis verta ein betre lesar
Skule/ heim samarbeidet har jamleg fokus på leseopplæring	<ul style="list-style-type: none">- Leseutvikling og leseopplæring er tema på foreldremøte- Konferansetimen/ foreldresamtalen har vekt på leseutvikling og motivasjon.- Heim og skule har felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring- Det blir gitt rom for lesing både heime og på skulen
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- Lærarane har kompetanse på leseopplæring- Skulen har leseopplæringa nedfelt i årsplanar og andre planar- Leiinga legg til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting- Skulen er møblert for å inspirere til lesing- Skulen har god tilgang på litteratur- Skulen vurderer jamleg verksemda si



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Elevane får god leseopplæring

- *Elevane får trening i å lesa mange ulike sjangrar, stille og høgt*

Elevane har rikt høve til å lesa mange ulike sjangrar. Elevane fortel at dei møter sjangrar i lesebøkene, noko lærarane stadfestar. Vidare vert dei presentert for både fakta og skjønnlitterære bøker, alt frå dei yngste klassane, der småbøkene representerer begge delar. Elevane har også tilgang til begge deler på lesesiestaen. Vurderarane observerte og at lærar hadde diktlesing i fleire av klassane, og der temaet vart drøfta i ettertid.

- *Elevane får møta litteratur gjennom ulike media*

Elevane kunne rekkje opp fleire døme på dette, t.d. film, teater, konsertar og data, og lærarane var samd i påstanden.

- *Elevane har tydelege mål*


Det er mål på vekeplanen og mål for timen på tavla

Skule/ heim samarbeidet har jamleg fokus på leseopplæring

- *Det blir gitt rom for lesing, stille og høgt, både heime og på skulen*

På skulen les elevane lekse høgt for lærar eller assistent. Dei les og faktasetningar høgt, og lærarane seier at elevane gjerne les avsnitt i munnlege fag høgt, då dei gjennomgår fagstoff. Det er og eit krav til elevane i dei fleste klassane, at dei skal lesa høgt for ein vaksen heime. Foreldre stadfester det, og dei tykte at valfri litteratur som skal lesast i 15 minuttar heime var svært bra. Vidare rosa dei lesehorta, og trekte det fram som ei hyggestund saman med barnet.

Stillelesing har dei og høve til i lesesiestaen, som varer frå 15 minutt og oppover, alt etter kor effektivt og konsentrerte elevane les.





Skulen er ein lærande organisasjon

- *Lærarane har kompetanse på leseopplæring*

Til dette svara lærarane eit samstemt ja, noko som gjev eit solid grunnlag for vidare leseopplæring, og etter kvart konkret leserettleiing.

- *Skulen har leseopplæringa nedfelt i årsplanar og andre planar*

Leseopplæringa er nedfelt i halvtårsplanane til skulen, og på vekeplanane.

- *Skulen er møblert for å inspirera til lesing*

Skulen er nyoppussa, lyst og moderne møblert. I tillegg har skulen laga lesekrokar, både i somme klasserom og i gangareal. Der er høve til både sitja og liggja medan ein les.

- *Skulen har god tilgang på litteratur*

Lærarane har i samarbeid med bokdamo, ein omreisande bibliotekar, laga klassebibliotek. Skulen har og i den seinare tid sett opp eit klasserom som kombinert datarom og bibliotek. Rektor opplyste oss om at skulen har eit tett samarbeid med biblioteket i Strandebarndam, og somme gonger reiser elevane inn dit. Bokbussen vitjar og skulen. Elevane har såleis god tilgang til litteratur.

6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Elevane får god leseopplæring

- *Elevane får trening i ulike lesestrategiar*

Mange elevar er usikre på kva det er, medan andre kjenner omgrepa. Fleire elevar seier at lesestrategiar er eit kapittel i boka, likeins refererte ein lærar til eit kapittel i boka. Det er tydeleg at dette ikkje er innarbeidd praksis, men at dei eldste elevane har arbeidd litt med ulike lesestrategiar. Her må alle ta eit større ansvar, og trekkje dette inn i alle fag, der det er naturleg å nytte ulike lesestrategiar. Det er viktig at ein då samtalar om desse strategiane, slik at elevane ser nytten og såleis vert sterkare motivert til å lære seg ulike måtar å arbeide med tekst på.



”Å kunne lese

Leseferdigheter er sentrale i alle fag. Elevene skal utvikle ferdighetene fra å kunne trekke sammen bokstaver til ord på 1. årstrinn, til å bli funksjonelle lesere som kan lese og tolke alle typer tekster, fra romaner til tabeller og bruksanvisninger i Vg3.

Elevene skal lære å tolke tekster og lese mellom linjene, og de skal lære ulike lesestrategier for å mestre forskjellige typer tekster. Veiledningen legger ekstra vekt på lesestrategier i et gjennomgående løp.”

”Veiledning i grunnleggende ferdigheter – kunnskapsløftet LK06”

Læraren legg opp til ei variert leseopplæring

- *Alle lærarar er leselærarar*

Lærarane veit at alle lærarar skal vera leselærarar, men dei er ikkje medvitne dette i praksis. Elevane les i alle fag, og dette kan skulen utnytte i større grad. Ein må nytta høvet til å drøfte korleis ein les, og det ein les i alle fag, og såleis auke eleven sin lesetekniske dugleik og litterære forståing. Ein må og nytte ulike lesestrategiar der det høver best, og ikkje la dette vera noko ein berre skal drive med i norsk! Praktiske utfordringar, som t.d. oppskrifter, bruksrettleingar, datahandsaming og kartlesing aukar elevens motivasjon.

- *Lærarane er gode rollemodellar på lesing og skriving*

Lærarane er gode rollemodellar på skriving, dei skriv ryddig og fint på tavlene. Dei er og medvitne tonefall og levandegjering når dei les høgt. Likevel vil dei kunne utnytte eiga lesing i større grad. Dei kan fortelje om ting dei har lese, vise elevane saker dei sjølve er opptekne av frå aviser og andre media. Gjerne nytte datamaskina og nettavisene. Elevane tykkjer det er kjekt når læraren fortel, så det er viktig at de fortel om ulik litteratur de har lese.

- *Læraren vurderer jamleg elevens leseutvikling*
- *Læraren gjev konkret rettleiing for korleis verta ein betre lesar*
- *Eleven har tydelege mål*
- *Eleven har jamleg samtale med lærar om leseutviklinga*

Læraren har klare bilete på kor kvar elev er i leseutviklinga, men det er ikkje uttrykt til korkje elevar eller foreldre. Dette etterlyser foreldra på foreldremøtet. Elevane veit at dei vert målte på lesefart, men er elles ikkje klar over kva dei må gjera for å verta betre lesarar.

Elevane må få lesa ulike typar ukjend tekst til lærar, for at denne skal kunne fange opp den eigentlege dugleiken til den einskilde



Læraren har ansvar for å gje konkrete tilbakemeldingar på kva den einsskilde må arbeide meir med, og leggje til rette for vidareutvikling. For å kunne gjere det treng læraren verkty og system som kan fange opp eleven der han er.

"At man, i sandhet skal lykkes en at føre et menneske hen til et bestemt sted, først og fremmest må passe på at finde ham der hvor han er, og begynde der. Dette er hemmeligheden i al hjælpekunst."
Søren Kirkegård (1859)

Dette er kjernen alle lærarar må arbeida ut i frå. Vår kunnskap om normal leseutvikling og kjenneteikna på kvart stadium må leggjast systematisk til grunn for rettleiinga me gjev til elevane. Skulen må sikra systemet sitt. Det hjelper ikkje elevane som står fast på t.d. ortografisk avkodning at lærarane veit det, om det ikkje vert sett ord på kva eleven må gjera for å koma vidare.

"Evalueringen peker på tre suksesskriterier for arbeidet med lesing: systematikk, kompetanse og sammenheng. Planarbeid og forankring hos lærerkollegiet, skoleleder og skoleeier er sentralt."
"Gi rom for lesing" – evalueringsrapport (2008)

Elevsamtalane skal ha fokus på fagleg utvikling, og det er viktig at leseutviklinga vert sterkare vektlagt. Lærar må ha konkrete tilbake – og framovermeldingar til eleven.

Skule/ heim samarbeidet har jamleg fokus på leseopplæring

- *Leseutvikling og leseopplæring er tema på foreldremøte*
- *Konferansetimen/ foreldresamtalen har vekt på leseutvikling og motivasjon*
- *Heim og skule har felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring*

På foreldremøte i haust hadde skulen leseopplæringa på saklista. Det vart orientert om praktiske endringar i høve lesesiestaen, og at lesing skulle vera eit område med auka fokus frametter. Dette har både lærarar og foreldre framheva. Det er òg viktig å informera foreldra om normal leseutvikling og kva skulen forventar av elevane og oppfølging heime. Ein kan t.d. ha eit møte, der alle, både lærarar og foreldre, får repetert den normale leseutviklinga. Såleis har ein eit felles grunnlag for faglige drøftingar kring barnet på konferansetimen. Foreldra meinte at dei sjølv i større grad skulle vera medvitne sitt ansvar for opplæringa, og det i seg sjølv viser at dei er opne for eit sterkare samarbeid. Dei etterlyste klarare vurderingar på korleis barnet deira les, og meinte at omgrep som "bra" og "godt" ikkje fortalde dei så mykje. Dei ville heilt klart ha meir informasjon om kva dei kunne gjera heima.



Skulen er ein lærande organisasjon

- *Leiinga legg til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting*

Lærarane gav uttrykk for at dei sakna meir tid til dette. Somme lærarar gav uttrykk for at dei arbeider mykje på eigne arenaer, og at dei i større grad ynskjer samarbeid på tvers av klassane. Dei tykte det såleis vart lite tilbakemelding på praksisen og det dei heldt på med.

- *Skulen vurderer jamleg verksemda si*

Lærarane meinte at det gjorde dei i liten eller ingen grad. Rektor nemnde i denne samanheng den eksterne vurderinga. 2005 – 2008 og no i 2011. Oppvekstsjefen har teke tak i innhaldet i skulen, og me arbeidar no med felles malar og retningsliner for skulane i Kvam.

7 - Vidare arbeid

Kommentar frå rektor på skulevurderinga hausten 2011.

TEMA: "Tørvikbygd skule vil arbeida mot det mål og skapa gode, glade og aktive lesarar."

Gjennom veke 42 har me hatt skulevurdering ved Tørvikbygd skule. Tema har vore lesing og korleis me arbeider med dette på vår skule. Det har med jamne mellomrom vore ekstreme vurderarar ved skulen vår. Dette meiner eg er viktig for å få andre til å sjå kva og korleis me arbeider.

Me er i starten på eit utviklingsarbeid når det gjeld god lesing, og leseutvikling. Difor kan det vera viktig å få andre sitt syn på det arbeidet me har starta. Gjennom denne veka har vurderarane fått møta nesten alle som er knytt til dette arbeidet, elevar, lærarar, rektor, og foreldre. Dei har og fått sjå vår kvardag på godt og ja, av og til vondt. For oss har møte med vurderarane vore positivt på alle måtar.

Håpar på at rapporten vurderarane kjem med kan hjelpa oss vidare på vegen mot målet vårt; gode, glade og aktive lesarar.

Rektor
Per Røberg

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Tørvikbygd, 20.10.2011

Laila Sægrov

Britha Sandal



Vedlegg 1

Deltakarar i vurderinga:

Interne: Elevar, tilsette og foreldre /føresette

Eksterne: Britha Sandal og Laila Sægrov frå Hardanger /Voss kompetaseregion

Grunngjeving for val av informantar:

Når temaet "Elevvurdering" skal handsamast, er det viktig å involvera alle partane det gjeld. Alle må få koma med innspel som kan vera med på ei positiv utvikling av den prosessen skulen er i. Det temaet skulen har valt, krev at skule og heim samarbeider og dreg i same retning.

FAU + vararepresentantar og andre interesserte foreldre var inviterte til foreldremøte

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV TØRVIKBYGD SKULE hausten 2011

Vurderarar: Britha Sandal og Laila Sægrov

Tid	Aktivitet	Ansvar
Veke 22	Kontakt med skulen. Orientering. Rektor informerer tilsette om vurderinga.	Vurderarane Rektor
Veke 24	Skulen vel tema for vurdering.	Rektor
Veke 36 -38	Avtale veke for vurdering. Veke 42 er avtalt. Avtale dag for formøte. 26.11 er avtalt. Skulen sender relevant informasjon og dokumentasjon til vurderarane i høve tema for vurdering. Vurderarane sender forslag til Glansbilete til skulen. Skulen går gjennom kriterium/glansbiletet.	Vurderarane Vurderarane Rektor Vurderarane Rektor



Veke 39	Formøte. Presentasjon og gjennomgang av Glansbiletet	Vurderarane
Veke 39/40	Skulen lagar ein tidsplan for vurderingsveka: observasjon, samtale/intervju osv. Innkalling til foreldremøte vert sendt til Rektor for utdeling.	Rektor/ Vurderarane Vurderarane
Veke 40	Utarbeiding av samtaleguidar for elevar og tilsette. Planlegging av møte med FAU (+)	Vurderarane
Veke 40/41	<i>Hugs å kalle inn FAU (foreldrerepresentantane) til møtet!</i>	Rektor
Veke 42	Vurderingsveka	
	Søndag Planlegging av vurderingsarbeidet.	Vurderarane
	Måndag Før skulestart: Møte med lærarane/tilsette - Møte med rektor. - Samtale med elevane: - 0900-0930: 5. og 6.klasse, 4 elevar - 0945 -1015: 3. og 4. klasse, 4 elevar - 1030 -1100: 1. og 2. klasse, 4 elevar - 11.40-12.20: Samtale med elevar i 7.klasse, 3 Elevar - 1800: Foreldremøte	Rektor Rektor Vurderarane Vurderarane
	Tysdag - Møte med rektor - Observasjon - 14.30 – 16.00: - Samtale/intervju med tilsette	Rektor Vurderarane



	Onsdag <ul style="list-style-type: none">- Observasjon- Eventuelt møte med rektor- Arbeid med rapport	Vurderarane Rektor Vurderarane
	Torsdag <ul style="list-style-type: none">- Arbeid med rapport- Møte med rektor ca. 1 time før framlegging av rapport-1400: Framlegging av rapport- Vurderarane reiser heim!	Vurderarane Rektor Vurderarane



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.



Vedlegg 4- Samtaleguidar

Dette sa foreldra

Kva er skulen gode på?	
Kva kan skulen verta betre på?	
Kva kan foreldre/ føresette bli betre på?	
Korleis er leseutvikling og leseopplæring tema på foreldremøte?	
Korleis har konferansetime/ foreldresamtalen vekt på leseutvikling og motivasjon?	
Har heim og skule felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring? Korleis?	
Korleis blir det gitt rom for lesing, stille og høgt heime?	



Dette sa elevane

Får eleven trening i ulike lesestrategiar?	
Får eleven trening i å lese mange ulike sjanrar, stille og høgt ?	
Får eleven møta litteratur gjennom ulike media?	
Har eleven tydelege mål?	
Har eleven jamleg samtale med lærar om leseutviklinga?	



Dette sa lærarane

Får eleven trening i ulike lesestrategiar	
Får eleven trening i å lese mange ulike sjangrar, stille og høgt?	
Får eleven møta litteratur gjennom ulike media?	
Har eleven tydelege mål?	
Har eleven jamleg samtale med lærar om leseutviklinga? Korleis?	
Er alle lærarane leselærarar?	
Er lærarane gode rollemodellar på lesing og skriving?	
Vurderer læraren jamleg eleven si leseutvikling?	
Gjev læraren konkret rettleiing for korleis verta ein betre lesar?	
Gjev læraren konstruktiv tilbakemelding og ros?	
Er leseutvikling og leseopplæring tema på foreldremøte?	
Har konferansetimen/foreldresamtalen vekt på leseutvikling og motivasjon?	



Har heim og skule felles forståing og ansvar for motivasjon og meistring?	
Blir det gitt rom for lesing, stille og høgt, både heime og på →skulen?	
Har lærarane kompetanse på leseopplæring?	
Har skulen leseopplæringa nedfelt i årsplanar og andre planar?	
Legg leiinga til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting?	
Er skulen møblert for å inspirere til lesing?	
Har skulen god tilgang på litteratur?	
Vurderer skulen jamleg verksemda si?	